



STORTINGET

Innst. 46 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:6 S (2021–2022)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marie Sneve Martinussen, Tobias Drevland Lund, Hege Bae Nyholt og Sofie Marhaug om å holde barnetrygden utenfor ved beregningen av økonomisk sosialhjelp

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en lovendring som sørger for at barnetrygden holdes utenfor ved beregning av økonomisk sosialhjelp.
2. Stortinget ber regjeringen i fremtidige forslag til statsbudsjett sette av midler som kompenserer kommunene for ekstra utgifter som følge av at barnetrygden holdes utenfor ved beregning av sosialhjelp.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Komiteens behandling

Arbeids- og sosialkomiteen fikk saken oversendt etter vedtak i Stortingets presidentskap 18. november 2021. Bakgrunnen var at familie- og kulturkomiteen anmodet presidentskapet om at saken ble overført til arbeids- og sosialkomiteen som rette komité. Familie- og kulturkomiteen hadde 26. oktober 2021 allerede

bedt om statsrådets vurdering av forslaget. Statsrådets svarbrev av 6. desember 2021 følger vedlagt.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tuva Moflag, Runar Sjøstad, Trine Lise Sundnes og Torbjørn Vereide, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Mølberg og Aleksander Stokkebø, fra Senterpartiet, Eivind Drivenes og Per Olaf Lundteigen, fra Fremskrittspartiet, Dagfinn Henrik Olsen og Gisle Meininger Saudland, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Kirsti Bergstø, og fra Rødt, Mímir Kristjánsson, viser til budsjettforliket mellom Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, der det er enighet om å fjerne avkortning av barnetrygd med iverksettelse fra 1. september 2022.

Komiteen fremmer på denne bakgrunn forslag om at representantforslaget vedlegges protokollen.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:6 S (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marie Sneve Martinussen,

Tobias Drevland Lund, Hege Bae Nyholt og Sofie Marhaug om å holde barnetrygden utenfor ved beregningen av økonomisk sosialhjelp – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 10. desember 2021

Kirsti Bergstø

leder

Eivind Drivenes

ordfører



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen i Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

21/3646-

6. desember 2021

Representantforslag 6 S (2021-2022) frå representantane Marie Snevre Martinussen, Tobias Drevland Lund, Hege Bae Nyholt og Sofie Marhaug om å halde barnetrygda utanfor ved berekning av økonomisk sosialhjelp - Dok 8:6 (2021-2022)

Innleiing

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteén 26. oktober 2021 med oppmoding om min vurdering av representantforslag 6 S (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Marie Snevre Martinussen, Tobias Drevland Lund, Hege Bae Nyholt og Sofie Marhaug. Familie- og kulturkomiteén ber om ei vurdering av følgjande forslag:

1. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om ei lovendring som sørgjer for at barnetrygda blir halden utanfor ved berekning av økonomisk sosialhjelp.
2. Stortinget ber regjeringa i framtidige forslag til statsbudsjett setje av midlar som kompensere kommunane for ekstra utgifter som følgje av at barnetrygda blir halden utanfor ved berekning av sosialhjelp.

Økonomisk sosialhjelp er regulert i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen §§ 18 og 19, som Arbeids- og sosialdepartementet har ansvar for. Barnetrygda er regulert i Lov om barnetrygd, som Barne- og familiedepartementet har ansvar for.

Formålet med barnetrygd og økonomisk sosialhjelp

Formålet til barnetrygda er å bidra til å dekkje utgifter til forsørging av barn og utgjere ein viktig del av inntektene til barnefamilier i låginntektsgruppa. Stortinget fastset satsane for barnetrygd ved årlege budsjettvedtak.

Formålet til sosialtenestelova er blant anna å betre levekåra for vanskelegstilte og bidra til sosial og økonomisk tryggleik. Dette betyr blant anna at barn og unge skal ha ein levestandard og livsvilkår som er tilstrekkeleg for utviklinga til barnet. Økonomisk sosialhjelp er meint å vere ei subsidiær og mellombels yting. Mange mottok sosialhjelp berre ein gong eller eit fåtal gonger per år. Blant alle sosialhjelpsmottakarar som hadde barn i 2020, var det 16 prosent som fekk stønad gjennom heile året.

Kommunane si vurdering av rett til økonomisk sosialhjelp og berekning av stønadsnivået

Økonomisk sosialhjelp er ei behovsprøvd yting som skal sikre eit forsvarleg livsopphald. Dersom tenestemottakar har barn, skal det takast særlege omsyn til behova til barna i dei individuelle vurderingane. Ved vurderinga av retten til økonomisk sosialhjelp og berekninga av stønadsnivået kan i utgangspunktet alle former for inntekter hensyntas, medrekna barnetrygd. Barn og unge er spesielt sårbare i vanskelege situasjonar, og kommunen må sørge for at dei særskilde behova deira blir varetekne ved berekninga av økonomisk stønad. Barn og unge skal sikrast ein trygg oppvekst, og utgifter til barn og unge kan vere del av livsopphaldet, sjølv om tilsvarande utgifter for vaksne ikkje er det.

Departementet utarbeider kvart år retningslinjer (retteleiar satsar) for berekning av økonomisk sosialhjelp, kor utgifter til barn også er tekne i betraktning. Satsane er meinte å gi kommunane retteleiar om stønadsnivået, men kommunane har uansett rett og plikt til å utøve skjøn når dei vurderer om det skal ytast stønad og ved utmåling av stønad. Det lokalpolitiske handlingsrommet gir rom for kommunane til å behandle barnetrygda ulikt ved berekning av stønad til barnefamiljar. Ifølgje kommunane si rapportering gjennom Kommune-stat-rapportering (KOSTRA) for 2020 reknar omtrent 67 prosent av kommunane barnetrygda som inntekt ved utmåling av økonomisk stønad, mens omtrent 33 prosent av kommunane held barnetrygda utanfor.

Nivå for barnetrygd og retteleiar satsar for økonomisk sosialhjelp

Dei siste åra har det vært en auke i satsane for barnetrygd. For å tydeleggjere at kommunane skulle la auken kome sosialhjelpsmottakarar til gode, blei dei statlege retteleiar satsane for økonomisk stønad til livsopphald for kategorien barn 0-5 år auka tilsvarande auken i barnetrygda og med verknad frå same tidspunkt.

Regjeringa er oppteken av treffsikre tiltak for å motverke barnefattigdom

Eg meiner det viktigaste verkemiddelet for å betre levekåra til barnefamiliane på sikt, er å sørge for at flest mogeleg er i arbeid. Regjeringa er også oppteken av at alle barn og unge skal ha ein trygg og god oppvekst, uavhengig av om foreldra er i arbeid eller ikkje. Universelle velferdstenester og gode ordningar for inntektssikring verkar sosialt utjamnande, dempar konsekvensane av låg inntekt og førebyggjer framtidig fattigdom blant barn og unge. Vi vil blant anna satse på billigare barnehage og SFO for alle barnefamiljar, innføring av eit dagleg skulemåltid og auka momskompensasjon til frivillighet.

Fattige barnefamilier har ofte samansette utfordringar med behov for eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Eg er oppteken av å finne dei mest treffsikre tiltaka for å betre levkåra for vanskelegstilte familier, og sikre at behova til barna blir særskilt vareteke. Det aller viktigaste for barna i desse familiane er at behova deira blir godt kartlagt og vareteke ved utmåling av sosialhjelp, slik lova også stiller krav om.

Barnetrygda er ei universell ordning som alle mottak uavhengig av inntekt. Det kan difor framstå som urimeleg at barnetrygda reknast som inntekt ved utmåling av økonomisk stønad. Eg viser vidare til at om lag en tredel av kommunane rapporterer at dei held barnetrygda utanfor i berekninga av økonomisk stønad. Eg viser i den samanheng til budsjettforliket i Stortinget mellom regjeringspartia og Sosialistisk venstreparti, der det framkjem at regjeringa skal fremje lovforslag om at barnetrygda skal haldast utanfor ved berekning av økonomisk stønad, med verknad frå 1. september 2022. Regjeringa vil kome tilbake med eit slikt forslag så snart som mogeleg.

Med helsing



Hadia Tajik

